

## **REGIONALT NÆRINGSFOND VIK –VOSS (RNF)**

### **Bakgrunn**

I tildelingsbrevet viser HFK til at etablering av regionale næringsfond skal medverke til å løse ut verdiskapingspotensialet i regionane. Midlane skal medverka til å realisera fylkeskommunale mål for utvikling, særleg innan kompetanseheving, omstilling, nyetablering, innovasjon og nyskaping i næringslivet og tilrettelegga for dette.

Dei regionale retningslinene, som Vik - Voss skal tildela etter, bør utdjupa føringane frå fylkes- og nasjonalt nivå og halda seg innan nasjonalt og internasjonalt regelverk.

### **Absolutte vilkår:**

- A. Midlane kan ikkje nyttast til finansiering av investering og ordinær drift av fylkeskommunal eller kommunal tenesteproduksjon eller verksemd.
- B. Fysiske investeringar som til dømes vegbygging, generell energiutbygging og offentlege bygg skal ikkje finansierast over posten.

### **Prinsipp for tildelinga:**

1. Regionale næringsfond skal brukast i tråd med RUP Regionalt Utviklingsprogram ( Fylkeskommunalt program) .
2. Regionale næringsfond skal vidare brukast i tråd med samarbeidsrådet sine vedtekter pkt 2.: stimulering og samordning for å styrke å utvikle næringslivet i region med hovudvekt på landbruk, reiseliv og kultur
3. Kostnader til administrasjon av fondet kan belastast fondet etter avtale med fylkeskommunen.

### **Organisering:**

- I. Samarbeidsrådet Vik - Voss er styre for det regionale næringsfond. Kommuneadministrasjonen. tilhøyrande den kommunen som til ein kvar tid har styreleiarfunksjonen i rådet er saksbehandlar for fondet.
  
- II. Det er ønskjeleg at forvaltninga av fondet vert sett i samanheng med andre næringsretta verkemiddel.

### **Rapportering med meir.:**

Årleg rapportering med revisorgodkjent rekneskap gjennom IHR kommunale revisjon Fylkeskommunen og Riksrevisjon skal kunna kontrollera at fondet vert forvalta etter retningsliner og føresetnader.

Tilskot vert utbetalt i to terminar med halvparten i kvar. Tilsegna kan trekkjast tilbake dersom vilkåra ikkje vert følgde.

Profilering av Hordaland Fylkeskommune skal vera med i kvart tilsegnsbrev, i medieomtale, Internett, og andre presentasjonar av ordninga med eventuelle kopiar til Fylkeskommunen.

## RNF- fondet sine retningslinjer

### Mål:

RNF skal medverka til å løysa ut verdiskapingspotensialet i Vik - Voss regionen ved å leggja til rette for og gi støtte til næringsutvikling og etablerartiltak i regionen med næringslivet i region med hovudvekt på landbruk, reiseliv samt kultursamarbeid.

### Strategiar:

#### 1. Nyskaping.

Nye arbeidsplassar i tradisjonelle og utradisjonelle næringar basert på naturgjevne og menneskelege ressursar er hovudmålsetjinga for RNF.

#### 2. Kompetanse.

Leggja til rette for tilflytting av kompetansearbeidsplassar. Fokus på fagutdanning samt etter- og vidareutdanning.

#### 3. Internasjonalisering.

Gjennom å utnytta nettverket i landbruk, kultur og reiseliv, samt aktiv kontakt med nasjonalt og internasjonalt verkemiddelapparat, skal næringar og kommunar i Vik - Voss vera aktive internasjonale aktørar

#### 4. Næringsvennleg offentleg sektor.

Gjennom samarbeid og fellestiltak skal etablerarar og etablert næringsliv lett og raskt få hjelp og svar frå offentleg forvaltning og tenesteyting.

### Saksbehandling.

- Samarbeidsrådet Vik - Voss som er samansett av 6 personar; ordførar, rådmann og ein næringslivsrepresentant frå kvar kommune, er styre for fondet
- Sekretær for samarbeidsrådet er ansvarleg for saksbehandlinga.. Inntil 10 % av RNF kan årleg nyttast til administrasjon.
- Tildelingar frå RNF vert gjort to gonger i året med søknadsfrist 1. mai og 1. oktober
- Tilsegn om fondsmidlar frå RNF skal normalt trekkjast inn etter 12 månader frå tilsegnsdato, dersom dei ikkje er utbetalte.
- Tildelte midlar kan krevjast tilbakebetalte dersom dei ikkje er nytta etter føresetnadene i søknaden.
- Klagebehandling skjer i det kommunal klageorganet i den kommunen som til ei kvar tid har sekretariatsfunksjonen for fondet.

### Forvaltningsprinsipp.

- RNF kan nyttast til støtte til prosjekt i regi av kommunar og kommunale verksemdar. RNF kan ikkje nyttast til drift eller investering for kommunar eller kommunale verksemdar.
- RNF kan nyttast til etablerarstøtte, prosjektstøtte, forstudie og utgreiingar i einskildverksemdar, men ikkje til investering i bygg/faste installasjonar eller drift. RNF skal forvaltast i best mogeleg koordinering med kommunale næringsstøtteordningar. Av omsyn til samordning, må det i søknaden koma fram kva finansieringskjelder som vert omsøkte.
- Tilsegn frå RNF vert utbetalt med 50 % av summen ved oppstart av omsøkt tiltak og 50 % når det er levert revidert rekneskap som viser bruken av midlane.
- Ved vurdering av tilsegn frå RNF skal ein leggja vekt på realismen for gjennomføring.